




Program for 8. samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

Oslo 10.-12. juni 2009



Norsk folkemuseum, Bygdø Kongsgård er vertskap for den 8. samlinga i det Nasjonale Museumsnettverket for Kulturlandskap. Tema for denne samlinga er bynært kulturlandskap og vidare utvikling av felles prosjektarbeid i nettverket. Deltaking på samlinga er viktig for nettverksbygginga. Uformell kontakt er kjernefunksjonen til eit nettverk, så møt opp, få fagleg påfyll og opplev Bygdø Kongsgård, Norsk Folkemuseum, Bogstad Gård og Hovedøya i sommarprakt!

TEMA



Bygdø Kongsgård vert drive av Norsk Folkemuseum. Formidling av Bygdø Kongsgård sin historie, naturverdiar og kulturminne er ei sentral oppgåve for museet. På seminaret vil tema som istandsetjing av Folkeparken, formidling av moderne og historisk landbruk og tilrettelegging for publikum vere i fokus.

Bogstad Gård er eit vakkert anlegg frå midten av 1700-talet. Anlegget var senter i eit industrikonsern og heim for eigarane gjennom 300 år. Den eldste engelske landskapsparken i landet har rester av eit tidligare barokkanlegg. Parken er under restaurering. I tillegg har Bogstad gardbruk med husdyr i aktiv drift.

På Hovedøya vil tema vere kulturlandskapsskjøtsel, kultur og natur på øya, og vi får smakebitar av skuleopplegg.

Utvikling av Kulturlandskapsnettverket skal ha ein sentral plass på alle nettverkssamlingar. Vi prøver denne gongen å få til eit gruppearbeid for å jobbe med sentrale problemstillingar: Nye samfunnssoppgåver for musea i kulturlandskapsarbeidet?, kompetansehevingskurs?, felles nettverksprosjekt – igangsetjing av hovudprosjekt om Norgesgården?, styrking av sekretariatet?

Onsdag 10. juni:

SMAKEBITAR AV KONGSGÅRDEN OG NORSK FOLKEMUSEUM

Stad: Gjestestuene

11.00 Registrering, kaffi, te og frukt

12.00 Velkommen til Bygdø Kongsgård v/avdelingsleiar for landbruk Jan Tore Sørdsdal
- Norsk Folkemuseum

12.15 Innleiing og praktisk informasjon v/Liv Byrkjeland - Musea i Sogn og Fjordane og
Leif Hauge – Høgskulen i Sogn og Fjordane

12.30 Innlegg om Norsk Folkemuseum:

- Kongsgården i dag v/Jan Tore Sørdsdal
- Bygdø Kongsgård sin historie v/prosjektledar Monica Mørch - Norsk Folkemuseum
- Landskapsplan for Bygdøs Kongsgård v/Professor Karsten Jørgensen, Universitetet
for Miljø og Biovitenskap
- Kulturmiljøfredning, Seniorkonsulent Mette Eggen, Riksantikvaren

14:00 Lunsj

15.00 Omvisning i friluftsmuseet og Kongsgården v/ Jan Tore Sørdsdal, Monica Mørch,
Mette Eggen, Karsten Jørgensen og Kari Bjørg Vold Halvorsen.

Sidan det ikkje er laga noko meir program utover kvelden, kan omvisinga halde på så lenge det passar tilhøyrarar og omvisarar. Kvelden er elles sett av til fri disposisjon, med høve til felles aktivitet dersom der er stemning for det. Vi kan sjekke aktuelle serveringsstader og kva byen har å by på.

Torsdag 11.juni:

NETTVERKSUTVIKLING OG BOGSTAD GÅRD

Stad: Gjestestuene

09.00 Arbeidsøkt for nettverket v/Liv Byrkjeland og Leif Hauge

Nye samfunnsoppgåver for musea – bildespel

Presentasjon av utvalde kulturlandskap

09.15 Norgesgården – klar for hovedprosjektet!

10.00 Pause med frukt

10.15 Workshop – vidare utvikling av nettverket

- Gruppearbeid
- Innlegg frå deltagarane
- Val av stad for neste samling

12.30 Avreise til Bogstad Gård

13.00 Velkommen til Bogstad Gård v/Else Espeland

Lunsj

14.00 Omvising i hovedbygningen og parken

ca. 16.30 Buss tilbake til Sentralstasjonen og Oslo Vandrerhjem Holtekilen.

18.30 Festbuffet i Gjestestuene på Norsk Folkemuseum. Kulturinnslag.



Fredag 12.juni: NATUR OG KULTUR PÅ HOVEDØYA

Sjå www.hovedoya.no

Frukost og utsjekking

08.45 Båt frå Vippetangen til Hovedøya

09.00 Velkommen til Hovedøya! Kort innleiing om kultur og natur på øya v/Kristina Bjureke og Cecilie Webb
Omvisning med tema: øya sin geologi, botanikk, kulturlandskap og kulturminne.



Skjøtsel av kulturlandskapet.

Krutt, krig og kanoner – smakebitar av skuleopplegg v/Petter Bøckmann frå Naturhistorisk Museum

11.45 Enkel lunsj i det fri og avslutning

Det går båt to gonger i timen frå Hovedøya tilbake til Vippetangen.

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Korleis kome seg til Bygdø Kongsgård

Buss nummer 30 Bygdø går frå Nydalen via Jernbanetorget og Nasjonalteateret til Bygdø Kongsgård. Gå av på haldeplassen som heiter Kongsgården. Gå litt tilbake langs vegen for å kome inn på gardsplassen utanfor fjøset.

Overnattning

Det har vore vanskeleg å få plass til ei stor gruppe i Oslo på denne tida. Den einaste staden vi greidde å reservere mange senger er på Oslo Vandrerhjem Holtekilen som ligg fint til ved fjorden ca. 4km frå Kongsgården http://www.hihostels.no/no/Vandrerhjem/Ostlandet/Oslo_Holtekilen/ Der er det reservert 25 enkeltrom med sengetøy. Tilkomst med tog: frå Oslo sentrum retning Asker til Stabekk stasjon (10 min.). Frå stasjonen går du ned trappa, til høyre opp ny trapp. Følg til høgre og gå denne vegen til Kveldsroveien. Gå over gangbrua som går over E18 og ned bakken til vandrarheimen. Med buss: 151, 153, 161, 162, 252 og 261 frå Oslo sentrum til Kveldsroveien. Kryss gangbrua som går over E18 og gå ned bakken til vandrarheimen. Med bil kjører du E18 og kjører av ved Strand. 9 km frå Oslo sentrum. Dersom mange nyttar bil organiserar me skyss mellom vandrarheimen og dit me skal. Til Kongsgården tek ein toget til Skøyen stasjon. Derifrå er det 10 min å gå.



Oslo Vandrerhjem Holtekilen